



Haugen Vva As
Kanalveien 5
5068 Bergen

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
26/76941	26/2681	Geir Heldal 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		12.08.2026

Løyve til tiltak - 51/231 - Kuvågvegen - Riving og oppføring av ny avløpspumpestasjon, VA-leidningar og utviding av parkeringsplass

Tiltak: ny pumpestasjon avløp, va leidningar
Byggjestad: Gbnr: 51/231
Tiltakshavar: Bjørnafjorden Kommune
Postboks 24
5649 Eikelandsosen
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva As
Kanalveien 5
5068 Bergen

Delegasjonssak nr.: 730/2026

Vedtak

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå forbod mot bygging innafor 100 meters beltet langs sjø for oppføring av ny pumpestasjon avløp, va leidningar og utviding parkeringsplass slik det går fram av søknaden.

Dispensasjonen er gitt på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal utførast i samsvar med innsend søknad, teikningar og dokumentasjon som ligg til grunn for vedtaket.
- Arbeid i sjø og langs strandsona skal gjennomførast slik at skade på naturmiljø, sjøbotn og vassmiljø vert minimert.
- Utlekking av leidning skal så langt som mogleg gjennomførast utanfor gyte- og oppvekstperiodar for fisk.
- Senking og plassering av leidning skal utførast kontrollert slik at oppvirvling av sediment og påverknad på vassmiljøet vert redusert til eit minimum.
- Leidninga skal sikrast og forankrast på ein måte som gjev stabil plassering på sjøbotn og som ikkje er til hinder for ferdsel eller annan lovleg bruk av sjøområdet.
- Eventuelle overskotsmassar, avfall og anleggsmateriell skal fjernast frå området og handterast i samsvar med gjeldande regelverk.
- Dersom det under arbeidet vert oppdaga forhold som kan medføre vesentleg skade på naturmiljø, kulturminne eller andre allmenne interesser, skal arbeidet stansast og rette styresmakt varslast.
- Tiltaket skal godkjennast av Bergen Hamn. Evt vilkår stilt i denne godkjenninga skal følgjast.

Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gang innan tre år frå vedtaksdato, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 19-2.

Bjørnafjorden kommune gir rammeløyve for ny pumpestasjon avløp, va leidningar, utviding parkeringsplass på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i vedlagte situasjonsplan datert 28.04.26, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse blir godkjend slik det er søkt om.

Før ein kan få igangsettingsløyve, må ein ha følgjande godkjenningar:

Godkjenning av tiltaket etter havne- og farvannslova frå Bergen Havn.

Før ein kan få ferdigattest / mellombels bruksløyve for tiltaket skal ein ha følgjande dokumentasjon:

1. Ferdigattest / mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3. Ein gjer merksam på at godkjent tiltak er beskrive over. Andre tiltak som går fram av teikningar, men som ikkje er oppgjeve i søknaden, er ikkje del av dette løyvet.

Generelle vilkår:

Rammeløyve gir ikkje tilgang til å sette i gang arbeid på byggeplass. Dette skjer gjennom søknad om igangsettingsløyve med tilhøyrande dokumentasjon av ansvarlege føretak.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, slik at ein må søke igangsetting og fysisk igangsette tiltaket før denne fristen. Er ikkje tiltaket lovleg sett i gang, fell løyvet bort etter dette. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld òg dispensasjonsløyvet.

Dersom ein ønsker å endre tiltaket i høve til denne godkjenninga, må det søkast særskilt om dette.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.



Informasjon om tilsyn

Byggesak prioriterer tilsyn med følgjande område i 2025 jf. Tilsynsstrategien 2025-2026:

1. At det er utarbeidd dokumentasjon for oppfylling av krav til sikkerheit mot naturfarar, jf. SAK10 § 5-4.
2. At etablering av hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkt og lovlege, jf. SAK10 § 2-1 og § 2-2. Det vil være eit særleg fokus på at tekniske krav er oppfylt ved bruksendring til sjølvstendig bueining.

Dersom de blir valt ut som tilsynssak i høve desse område, vil de få eit skriv av tilsynsavdelinga med nærare informasjon.

I tillegg prioriterast stadleg og/eller dokument tilsyn ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve, særleg ved nybygg bustad og større næringsbygg. Tilsynsavdeling tek kontakt for avtale om tilsyn.

Ved søknad om ferdigattest må de sende inn stikningsdata for tiltaket. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.

1. Saksopplysningar

1.1. Tiltak

Saka gjeld søknad om ny avløpspumpestasjon med tilhøyrande overbygg, VA-leidningar, tankar og kummer. Ny overføringsleidning til Tellevika, for overføring av avløpet til reinseanlegget OHARA. Utviding av eksisterande parkeringsplass. Riving av eksisterande pumpestasjon og toalettbygg ved stranda.

Det blir elles vist til søknad motteke 27.05.2026.

1.2 Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Vågshaugen, planid: 19800100 er definert som parkering, park m.m.

1.3. Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

1.4. Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 28.04.26.

Tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon

1.5. Vatn og avløp (VA)

Eigedommen er sikra lovleg vassforsyning og avløp i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Eigedommen skal knytast til offentleg vass- og kloakkanlegg.



1.6. Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Ingen endring

1.7. Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak.

Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

1.8. Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

1.9. Uttale frå anna mynde

Det ligg føre førehandsuttale frå Bergen Havn datert 11.03.26.

Søknad om tiltak/dispensasjon er sendt på uttale til Statsforvaltaren i Vestland.

Det er ikkje mottatt uttale frå Statsforvaltaren i Vestland

2. Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå for etablering av pumpeleidning i omsynssonen H540_3, forvaltningsklasse 3, i høve Oselvvassdraget, og for bygging av nytt pumpehus innanfor 100-metersbeltet langs sjø

2.1. Grunngeving: (samandrag)

«Tiltaket vurderes til ikke å vesentlig tilsidesette hensynene bak bestemmelsen og intensjonen med å etablere omsynssone for Oselvvassdraget i det området pumpeledningen skal legges ut.

Fordelene ved tiltaket vurderes som klart større enn ulempene, for å opprettholde en forsvarlig og sikker avløpshåndtering.

Konklusjon

På bakgrunn av ovenstående vurderes tiltaket som nødvendig og av samfunnsnytte, med begrenset negativ påvirkning i forhold til det omsynssonen skal verne mot, og hensynet bak § 1-8 i plan- og bygningsloven.

Vilkårene for dispensasjon etter plan- og bygningsloven § 19-2 anses oppfylt, og det søkes derfor om dispensasjon.»

2.2. Regelverk:

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det blir dispensert frå, plan- og bygningslova sin formålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje bli vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggst særleg vekt på konsekvensane dispensasjonen har for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan sette vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom



dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (198485) s 102.

2.3. Vurdering:

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre allmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftsinnteresser, landskapsomsyn og verneinteresser.

Spørsmålet er først om dispensasjon vil «vesentleg» tilsidesette omsyna bak byggegrensa.

Omsøkte bygg vil liggje om lag 65 meter frå sjø. Det vil ikkje hindre allmenn ferdsle eller redusere tilgang til strandsona, og er av avgrensa omfang. Ein kan ikkje sjå at dispensasjon vil «vesentleg» tilsidesette omsyna bak byggegrense mot sjø.

Spørsmålet er så om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gi dispensasjon.

Byggesak visar her til at kommunal VA-handtering bidreg til å sikre at sjøen held seg rein og frisk, noko som er viktig for både friluftsliv og fiske.

Det er her også snakk om utbetring av eksisterande anlegg, til fordel for allmenta og innbyggjarane.

Byggesak kan ikkje sjå at tiltaket medfører ulemper.

Samla sett er vurderinga at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gi dispensasjon.

Omsynssone H540_3 knytt til Oselvvassdraget

Forvaltningsplanen til Oselvvassdraget seier om området Osøyro og elveosen: «Ikkje del av verneområdet, men viktig for inn- og utvandring av laksefisk.»

I retningslinja står det at:

«Vern av landskapselement og naturmiljø og området økologiske funksjon skal vektleggast. Ein må unngå alle former for endring av areal i vassdragsbeltet. Eventuelle tiltak må vurderast opp mot konflikttabell og prinsipp om sesongbasert forvaltning.»

For laksen er det periodane oktober-november og april-juni som er mest kritiske, iht. årshjulet for sesongbasert forvaltning. Det er sett vilkår om å ta omsyn til dette i dispensasjonsvedtaket.

Samla sett finn ein at det ikkje er behov for dispensasjon frå omsynssona, då retningslinje kan bli varetatt gjennom vilkår.

«Kan»-vurdering

Då ein har funnet at dei materielle vilkåra for dispensasjon er oppfylt, «kan» det bli gitt dispensasjon. Det blir vist til praksis i Bjørnafjorden kommune, kor det blir sagt ja til dispensasjon dersom det ikkje er avgjerande grunnar som talar for å seie nei. Det føreligg ikkje slike avgjerande grunnar, og ein nyttar derfor «kan»-skjønnnet til å godkjenne dispensasjon, med dei vilkåra som går fram av vedtaksteksten.

3. Andre vurderingar

3.1. Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.



3.2. Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

3.3. Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå sektormynde. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

4. Andre opplysningar

4.1. Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

4.2. Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.

Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing

Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Geir Heldal
Ingeniør - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

51/231 - Kuvågvegen - Søknad om riving og oppføring av ny avløpsumpepestasjon, VA-leidningar og utviding av parkeringsplass
Situasjonsplan - Oversikt
Situasjonsplan VA
Situasjonsplan parkering
Fasade - Overbygg pumpepestasjon
Sjøleidning Kuvågen-Tellevika
Førhandsuttale Bergen Havn
Gjennomføringsplan

Kopi til:

Bjørnafjorden Kommune Postboks 24 5649 Eikelandssosen